



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Grete Kathrine Jacobsen, 5557 2116

Vår dato
27.10.2014
Dykkar dato
09.10.2014

Vår referanse
2014/12282 421.3
Dykkar referanse
14/2713

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Uttale - Radøy - Gnr 27 Bnr 49 og 54 - Kvalheim Øvre - Anneks og terrasse - Disp

Fylkesmannen viser til dykkar brev av 9.10.2014. Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av anneks og terrasse.

Tiltaka er avhengig av dispensasjon frå plan, kor området er sett av til landbruks-, natur-, og friluftsføremål, og frå byggjeforbodet i strandsona.

Etter det vi kan sjå ut i frå kartdata, og med atterhald om manglande lokalkunnskap, har området klare strandsoneverdiar. Det ser ut til at det er lett og attraktivt å ferdast her.

Fylkesmannen minner om at det i dei arealpolitiske føringane i St. meld. nr. 26, «Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand», går fram at strandsona skal vere eit areal ope for allmenn ferdsel. Allmenne interesser skal ha forrang i strandsona, jf. plan- og bygningslova § 1-8. Tiltaka det er søkt om er i sum omfattande, og vil virke privatiserande.

Fylkesmannen rår i frå at det vert gjeve dispensasjon i saka.

Med helsing

Arve Meidell
seksjonsleiar

Grete Kathrine Jacobsen
rådgevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.